

Fra: Anne Lise Molvik
Sendt: tirsdag 1. juni 2021 09:02
Til: kare@romarheim.no
Kopi: Tommy Veland
Emne: Svar på førespurnadar om delingssaker innanfor reguleringsplanen for Fløssvika

FileMailEnforce: 0

Hei Kåre Romarheim

Vi har gått gjennom førespurnadane dine om ulike delingssaker i Fløssvika, og har følgjande tilbakemelding:

Sak om registrert avvik i innmålingsdata – gbnr 195/252

Kart og oppmåling ved Tommy Veland vil sjå på dette og sørge for å retta opp kartet. Spørsmål til saka må rettast til Tommy Veland.

Sak 18/3656 som gjeld oppretting av 5 bustadeigedomar:

Ny søknad om frådelling av ny grunneigedom med 4 bustadar har fått saksnr. 21/3917. Kjartan Medaas ved Kart og oppmåling er saksbehandlar.

Kommunen si vurdering i sak 18/3656 gjer seg framleis gjeldande. Spørsmål i saka må rettast til Kjartan Medaas.

Sak 18/3654, som gjeld arealoverføring av område A, sak 18/3652 som gjeld arealoverføring av område B, og sak 18/3625 om grensejustering av område C vil verta følgd opp av Kart og oppmåling ved Tommy Veland. Spørsmål i saka må rettast til han.

Sak 18/3655 som gjeld oppretting av anleggseigedom er avslutta. Ny søknad kan sendast inn når forhold knytt til plassering er gjennomført, jf. kommunen sitt brev datert 29.01.2019.

Frådelling av teknisk infrastruktur

Før innsending av søknad om frådelling av teknisk infrastruktur må du avklara med kommunen si avdeling for Samferdsel, veg, vatn og avløp ved Arne Helgesen, kva som skal overtakast av Alver kommune. I tillegg må alle privatrettslege forhold vera avklart. Dersom det er behov for rettleiing i forhold til sjølve delingssøknaden kan du be om førehandskonferanse med plan- og byggesaksavdelinga.

Med helsing

Anne Lise Molvik | Rådgjevar byggesak

Telefon: +47 56 37 56 40

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no/ epost: post@alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE